



**DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT**

Fylkesmannen – alle

Dykkar ref

Vår ref
201001791

Dato
3.1.2011

FULLMAKTSBREV FYLKESMANNEN - KAPITTEL 1144 POST 77

1. INNLEIING

Med bakgrunn i Landbruks- og matdepartementet (LMD) sin Prop. 1 S (2010-2011), samt Stortinget si behandling av denne, vert det i dette brevet gjeve rammetildeling innanfor kap.1144 post 77 Regionale og lokale tiltak i landbruket. Tildelinga skal gå til å styrkje Fylkesmannen sin innsats innanfor miljø- og ressursforvaltning og næringsutvikling på landbruksområdet, samt til å styrkje Fylkesmannen si oppfølging av det kommuneretta arbeidet på landbruksområdet.

Fylkesmannen skal ivareta dei nasjonale måla i landbrukspolitikken, og er ansvarleg for regional tilpassing av den nasjonale landbrukspolitikken. Regelmessig kontakt med kommunane skal stimulere til lokal forankring og aksept for viktige landbrukspolitiske målsetjingar, som m.a. byggjer på regionale fortrinn. For vidare omtale av Fylkesmannen sine oppgaver syner vi til tildelingsbrevet for 2011 frå Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet, elektronisk embetsoppdrag for 2011 og fullmaktsbrev frå Statens landbruksforvaltning for 2011. Vi syner elles til departementet sitt tilskotsbrev til fylkeskommunane og til 4H Norge, der samarbeidet med Fylkesmannen er omtalt.

Vedlegg 1 gir oversikt over tildeling over kap. 1144 post 77. Vedlegg 2 gir oversikt over møter i regi av Landbruks- og matdepartementet (LMD) og Statens landbruksforvaltning (SLF) i 2011.

Det vil bli sendt ut eit eige rundskriv for BU-midlane for 2011. I dette rundskrivet vil også den fylkesvise fordelinga gå fram. Midlane skal forvaltast etter forskrift 7.7.2010 nr. 75 om midlar til bygdeutvikling.

Postadresse	Kontoradresse	Telefon	Avdeling for forskning,	Sakshandsamar
Postboks 8007 Dep	Akersgt. 59	22 24 90 90	innovasjon og	Kristin Sve
			regionalpolitikk	22 24 94 24
0030 Oslo		Org no.	Telefaks	
		972 417 874	22 24 91 50	

1.1 Styringsdialog LMD og Fylkesmannen

LMD gjennomfører styringsmøte med kvart embete annankvart år. I 2011 vil LMD gjennomføre styringsmøte med følgjande embete: Vestfold, Vest-Agder, Sogn og Fjordane, Rogaland, Troms, Finnmark, Nordland og Møre og Romsdal. Vi syner elles til tildelingsbrevet frå Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet for 2011 for datoar. Det vil bli helde fagmøte og samlingar med landbruksdirektørane og dei tilsette i landbruksavdelingane i regi av LMD og SLF, jf. vedlagte møtekalender.

2. NÆRARE OM LØYVINGA PÅ KAPITTEL OG POSTAR

2.1 Kap. 1144 post 77 Regionale og lokale tiltak i landbruket

I statsbudsjettet for 2011 vert det stilt kr 6,592 millionar til disposisjon over kap. 1144 post 77. Gjennom dette fullmaktsbrevet vert fylkesmannsembeta styrka med til saman 4,797 mill. kroner. Også for 2011 tildeler departementet det enkelte embetet ein samla sum. Embeta vurderer disponering av midlane innanfor områda kommuneretta arbeid, arbeid med rovviltforvaltning og rammedirektivet for vatn. Midlane er på same måte som tidlegare fordelt mellom fylka med utgangspunkt i dei utfordringar fylka har på desse områda, og må sjåast som ein styrking av arbeidet innanfor nokre utvalde område. Landbruks- og matdepartementet gjer elles merksam på at oppgåvene Fylkesmannen har ansvaret for på landbruks- og matområdet vert finansiert gjennom Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementets kapittel 1510. Nedanfor følgjer ein omtale av dei enkelte områda løyvinga kan nyttast til.

2.1.1 Kommuneretta arbeid

Løyvinga kan nyttast til arbeidet med å styrkje kommunane si rolle som landbrukspolitisk aktør og å ivareta Fylkesmannen si rolle som kompetansesenter for kommunane på landbruksområdet. Fylkesmannen er kompetanse-, klage-, og kontrollorgan for kommunane, og skal legge til rette for opplæringstiltak overfor kommunane slik at dei best mogleg kan ivareta nye krav og oppgåver.

Det er viktig at Fylkesmannen har fokus på kompetanse og kvalitet i landbruksforvaltninga i sin dialog med den politiske og administrative leiinga i kommunane. I samband med det syner vi til funksjonskonto (329) for landbruk i KOSTRA der embeta på sikt vil kunne følgje ressursbruken i kommunane på landbruksområdet på ein betre måte. Fylkesmannen må framleis gjere kommunane medvitne på deira ansvar for god kvalitet på KOSTRA-rapporteringa på landbruksområdet. Dette gjeld særskilt rapporteringa på omdisponering etter Plan- og bygningslova, men òg i forhold til bruken av funksjonskonto 329 for landbruk.

Kommunane har ei viktig rolle som aktør innan nærings- og samfunnsutvikling gjennom forvaltning av juridiske og økonomiske verkemidlar. Fylkesmennene, Innovasjon Norge og fylkeskommunane skal gjennom samarbeid i det regionale partnerskapet bidra til å gjere kommunane til betre støttespelarar for entreprenørar og lokalt næringsliv.

Samarbeidsavtalen mellom LMD og KS vart fornya i 2009 og gjeld t.o.m. 31.12.2012. Avtalen synleggjer og bevisstgjer landbruksområdet for administrativ og politisk leiing, både regionalt og lokalt. Avtalen har særskilt merksemd mot viktige område som klima- og

miljøspørsmål, jordvern og utnytting av landbrukets ressursar til auka verdiskaping og livskvalitet i kommunane.

2.1.2 Arbeid med rovviltforvaltning

Løyvinga kan nyttast til å styrkje arbeidet med å kvalitetssikre førebyggjande tiltak innanfor rovviltforvaltning som det vert gjeve offentleg stønad til. Fylkesmannen skal i samarbeid med dei regionale rovviltnemndene føre vidare arbeidet knytt til rovviltforvaltning i tråd med St. meld nr. 15 (2003-2004) og signala gjeve i Soria Moria II. Fylkesmannen har ei viktig rolle knytt til samordning av miljøpolitiske og landbrukspolitiske verkemiddel både på kommunenivå og fylkesnivå. Fylkesmannen skal bidra til å finne varige løysingar for ei framtidretta beitenæring og for bevaring av rovvilt i tråd med nasjonale mål.

2.1.3 Oppfølging rammedirektivet for vatn

Fylkesmannen har det miljøfaglege ansvaret for vassforvaltning regionalt og skal sjå til at miljøverdiane i vassdraga blir ivaretatt i forvaltingsplanane. I dette arbeidet må Fylkesmannen bidra til å involvere landbruksfagleg kompetanse og samarbeide tett med fylkeskommunen, som frå 2010 har teke over rolla som vassregionmyndigheit og prosessleiar for oppfølging av vassforskrifta. Løyvinga til oppfølging av rammedirektivet kan nyttast til å styrkje dei landbruksfaglege vurderingane i planarbeidet.

2.1.4 Særskilde prosjekt

Landbruks- og matdepartementet (LMD) har sidan 2000 gitt årleg støtte til arbeidet for å ivareta koordineringsansvaret for kontakta på landbruksområdet mellom Noreg og Russland i nordområda. Frå 2010 overtok Fylkesmannen i Finnmark denne oppgåva frå Fylkesmannen i Troms. Fylkesmannen i Finnmark får i 2011 kr 300 000 i støtte til dette arbeidet. Koordineringsrolla ber med seg at Fylkesmannen i Finnmark må ha god kontakt med fylkesmannsembeta i Troms, Nordland og Nord-Trøndelag og andre relevante aktørar på området, m.a. fylkeskommunane, Barentssekretariatet, FoU-miljø, IN-distriktskontor, Reindriftsforvaltninga og landbruks- og reindriftsnæringa.

LMD støttar det femårige *utviklingsprogrammet for fjellregionen* (Alvdal, Folldal, Tolga, Os i Hedmark, Tynset, Rendalen og Røros). Programmet vart etablert i 2009, og løyvinga er eit tilskot for lokal og regional næringsutvikling innanfor landbruk og miljø, med hovudvekt på å utvikle småfenæringa i regionen. Frå 2010 er midlane overført til kap. 1144 post 77, og Fylkesmannen i Hedmark disponerer 2,3 millionar kroner til dette arbeidet. Fylkesmannen skal sikre spreiding av kunnskap gjennom programmet, at programmet er lokalt forankra og bidreg til å utvikle kompetanse, samt at programmet dreg nytte av FoU-miljø i regionen.

Frå 2010 har LMD gitt tilskot til *Prosjekt kommunedialog* i Nordland. Gjennom eit tett samarbeid med kommunane i eit treårig dialogprosjekt vil Fylkesmannen saman med kommunane belyse kva rolle landbruket kan spele i samfunnsutvikling, og belyse effektane av ei god landbruksforvaltning på kommunenivå. Prosjektet legg opp til tett samarbeid med Nordland fylkeskommune og integrering av landbruksforvaltninga i øvrig nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. Fylkesmannen i Nordland får i 2011 kroner 32 000 til dette arbeidet.

2.1.5 Belastning av kapittel 1144 post 77

Prosjekt skal belastast på kap. 1144 post 77 underpost 11 – Prosjekter.
Andre utgifter skal belastast på kap. 1144 post 77 underpost 12 – Diverse.

Utgiftene over kap. 1144 post 77 skal debiterast kapittelet fortløpande gjennom året og ikkje trekkast samla på slutten av året. LMD og Riksrevisjonen kan kontrollere at midlane er brukt etter føresetnadane.

Det er ikkje høve til å nytte interimskonti i samband med kap. 1144 post 77. Embeta skal følgje retningslinjer for bruk av interimskonti forklart i brev av 22.05.2007 frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Det er ikkje mogleg å overføre midlar på kap 1144 post 77 til neste år med mindre det ligg særskilde årsaker til grunn.

2.1.6 Resultatrapportering

Det skal rapporterast på bruken av midlane i Fylkesmannen sin årsrapport for 2011. I rapporten må det gjerast klart kva prioriteringar Fylkesmannen har gjort i høve til bruken av løyvinga. Fylkesmannen skal gi ei vurdering av korleis løyvinga har bidratt til å nå måla for løyvinga: i) å bidra til desentralisering av ansvar og myndigheit til kommunane på landbruksområdet; ii) styrkje Fylkesmannen si rolle som kompetansesenter for kommunane; og iii) styrkje Fylkesmannen og kommunane sin innsats på miljø- og ressursforvaltning og næringsutvikling.

Med helsing

Gaute Lenvik (e.f.)
ekspedisjonssjef

Wenche Østrem
avdelingsdirektør

Kopi:
Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet
Statens landbruksforvaltning
Riksrevisjonen

Vedlegg 2

Vedlegg 1 – Embetsvis fordeling av midlar over kap. 1144.77

EMBETE	TILDELING 2011		SUM
	Prosjekt	Kommuneretta arbeid, roviltforvaltning og rammedirektivet for vatn	
Østfold		95 000	95 000
Hedmark	2 300 000	245 000	2 545 000
Oslo og Akershus		95 000	95 000
Oppland		200 000	200 000
Buskerud		85 000	85 000
Vestfold		85 000	85 000
Telemark		65 000	65 000
Aust-Agder		65 000	65 000
Vest-Agder		65 000	65 000
Rogaland		85 000	85 000
Hordaland		65 000	65 000
Sogn og Fjordane		65 000	65 000
Møre og Romsdal		145 000	145 000
Sør-Trøndelag		145 000	145 000
Nord-Trøndelag		205 000	205 000
Nordland	32 000	200 000	232 000
Troms		170 000	170 000
Finnmark	300 000	85 000	385 000
SUM	2 632 000	2 165 000	4 797 000

Vedlegg 2 – Møtekalender for fylkesmannsembeta i regi av Landbruks- og matdepartementet og Statens landbruksforvaltning

Tidspunkt	Tema	Stad	Ansvarleg
13. og 14. januar	Erfaringskonferanse – nasjonalt beiteprosjekt	Oslo	SLF/seksj. Miljø og klima
7. og 8. mars	Landbruksdirektørsamling	Oslo	LMD
Mars	”0-grense”-samling Seminar for kommuner med nedsatt konsesjonsgrense etter konsesjonsloven § 7	Oslo-området	SLF/Seksj. Arealbruksutvikling
Mars/april	Fagsamling kontroll (Utsatt fra 2010)	Oslo-området	SLF/Seksjon Ekstern kontroll
Mai	Fagsamling for skogfondansvarlege	Ikkje avklart	SLF/Seksj. Skog og kulturlandskap
Mai/juni	Nettverkssamling – juridiske verkemidler (2 dagar)	Ikkje avklart	SLF/Seksj. Arealbruksutvikling
6. juni	Fellesamling LMD-IN-FM-FK	Oslo	LMD/IN
Juni	Fagsamling produksjonstilskot og avløyising ved ferie og fritid	Oslo	SLF/Seksj. Direkte tilskudd
6. - 8. september	Fagsamling skogbruk	Sør-Trøndelag	SLF/Seksj. Skog og kulturlandskap
September	Fagsamling – erstatning ved klimabetinga skadar.	Ikkje avklart	SLF/ Seksj. Landbruks- og naturskadeerstatning
September/ oktober	Nettverksamling – arealforvaltning (2 dagar). Fellessamling med Direktoratet for naturforvaltning	Ikkje avklart	SLF/Seksj. Arealbruksutvikling
September/ oktober	Fagsamling - husdyrkonsesjon	Oslo	SLF/Seksj. Produksjonsregulering
Primo oktober	Samling for landbruksdirektørane i samband med framlegging av statsbudsjettet for 2012	Oslo	LMD/SLF
Oktober	Fagsamling – vassforvaltning og landbruk	Ikkje avklart	SLF/seksj. Miljø og klima
Oktober/ november	Fagsamling – Utvalde kulturlandskap i jordbruket	Ikkje avklart	SLF/Seksj. Skog og kulturlandskap
November	Fagsamling – kontroll (Årleg samling)	Oslo - området	SLF/Seksj. Ekstern kontroll